



Brødrene Ulveseth AS  
Leirviksflaten 23  
5882 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2075 - 16/20962

Saksbehandlar:

Reidun Iden Lædre

reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:

09.11.2016

## Godkjenning - utslepp på egedomen gbnr 31/2 - minireinseanlegg.

**Administrativt vedtak. Saknr: 363/2016**

**Tiltakshavar:**Tordis Nikolaisen

### **Saksutgreiing:**

Det er i søknad, journalført 16.08.2016, og supplerande dokumentasjon journalført 14.10.2016, 02.11.2016 og 03.11.2016, søkt om utslepp til minireinseanlegg på egedommen gbnr 31/2, Håtuftvegen, slik motteke situasjonskart og planteikning syner.

Utsleppet skal knytast til eksisterande godkjent utslepp til minireinseanlegg for naboeigedomen gbnr 31/10, som vart godkjent etablert i 2009. Minireinseanlegget er plassert på egedomen gbnr 31/2. Kommunen er kjent med at arbeidet alt er utført, jf brev frå tiltakshavar 04.04.2014 og Meland kommune sitt svar av 11.04.2014.

Det ligg føre solidarisk avtale mellom gbnr 31/2 og 31/10 om felles minireinseanlegg.

Egedomen skal knytast til kommunalt vassverk. Slik søknad ligg føre og vert handsama som eiga sak.

### Nabovarsel:

Minireinseanlegget vart godkjent etablert 08.01.2009 i sak DNT. 005/09. Det er ikkje naudsynt med nabovarsel, jf pbl § 21-3.

### **Vurdering:**

Egedomen ligg i eit område med krav til reinsing av avlaupsvatn i biologisk/kjemisk minireinseanlegg. Det er ikkje mogeleg å føre avlaupet til sjø.

Minireinseanlegget skal ha dokumentasjon som tilfredstillar NS-EN 12566-3 eller tilsvarande standard for reinsegrad, slamproduksjon og gjennomsnittleg slamproduksjon.

---

#### **Postadresse**

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### **Kontakt**

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Minireinseanlegget skal til ei kvar tid drivast og vedlikehaldast i samsvar med skriftleg drifts- og vedlikehaldsavtale.

Eigar av utsleppet er ansvarleg for eventuell forureining, jf § 7 i forureiningslova.

Utsleppet det her er søkt om, er etter Meland kommune si vurdering i samsvar med gjeldande krav i området. Administrasjonen kan difor gjer utsleppsløyve som omsøkt i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing» sin § 12-5.

Ansvarsrettar:

Føretak:	Godkjenningsområde
Brødrene Ulveseth AS Org.nr. 990269068 Sentral godkjenning	SØK ansvarleg søkjar UTF grøfter (tkl 1)
Bergen Rørteknikk AS Org.nr. 993231150 Sentral godkjenning	UTF leidningsarbeid (tkl 1)

## Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing» sin § 12-5 utsleppsløyve frå eigedomen gbnr 31/2, Håtuftvegen 351, i samsvar med søknad journalført 16.08.2016 og supplerande dokumentasjon journalført 14.10.2016, 02.11.2016 og 03.11.2016 og solidarsk avtale mellom gbnr 31/2 og 31/10 på følgjande vilkår:

1. Avlaupet skal gå via typegodkjent biologisk/kjemisk minireinseanlegg der det reinsa avlaupsvatnet vert ført til terreng.
2. Slam frå anlegget skal leverast til godkjent mottak.
3. Det skal til ei kvar tid liggja føre skriftleg serviceavtale med leverandør av minireinseanlegget.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar, jf vurderinga ovanfor»

Gebyr for sakshandsaming vert sendt til tiltakshavar.

Bortfall av løyve:

Er arbeidet ikkje igangsett seinast 3 år etter at løyve er gjeve, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn 2 år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Dersom utsleppet framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

**Klage:**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke.

Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

kart  
teikning

**Kopi til:**

Bergen Rørteknikk AS  
Tordis Nikolaisen

Storehaugen 9 5304

HETLEVIK

**Mottakere:**

Brødrene Ulveseth AS

Leirviksflaten 23 5882

BERGEN